

Finn Oldervik og Ingvar Stenberg

# 420 kV-ledning Viklandet - Istad

## Tilleggs vurdering for flora og fauna



for nye traséer mellom Rød og Bollhaug  
og ved Brandhol/Toven



Utførende institusjonar:  <i>Miljøfaglig Utredning AS</i> <i>Norsk Ornitologisk Forening</i>	Kontaktpersonar:  Finn Oldervik Ingvar Stenberg	ISBN-nummer:  82-7852-057-7
Prosjektansvarlege: Naturforvaltningskandidat Geir Gaarder Dr. scient Ingvar Stenberg	Finansiert av:  Statnett SF	År:  2003
Referanse: Oldervik, F. & Stenberg, I. 2003. 420 kV-ledning Viklandet-Istad Tilleggsvurdering for flora og fauna for nye traséar mellom Rød og Bollhaugen og ved Brandhol/Toven. <i>Norsk Ornitologisk Forening, Rapport nr. 5-2003.</i>		
Referat: Miljøfaglig Utredning og Norsk Ornitologisk Forening har utført ei tilleggsvurdering på tema Flora og fauna i samband med nye traséar for 420 kV- kraftline Viklandet-Istad. Det er ein del skilnader i konfliktgrad mellom dei ulike alternativa.		
4 emneord: Kraftline Flora Fauna Konsekvensutreiing		

## FORORD

På oppdrag frå Statnett har Miljøfaglig Utredning og Norsk ornitologisk forening gjort ei tilleggsvurdering av nye traséalternativ for 420kV-leidninga Viklandet-Istad (jfr trasékart, vedlegg 1). Alternativa er vurdert på bakgrunn av informasjon frå Astri Svenkerud i Statnett SF, i møte og brev av 15.08.2003, samt kart motteke frå Kjell Magne Lervik 28.08.03. (jfr. og beskjed på e-post 02. og 09.09.2003). I rapporten er og innarbeidd eit nytt traséalternativ som har kome opp i ettertid, og diverse justeringar seinare (ifølge e-post frå Kai Nybakk 08. og 23. 10.03).

Utreiinga er gjennomført av Finn Gunnar Oldervik og Ingvar Stenberg

Miljøfaglig utredning/  
Norsk Ornitologisk Forening

Mjosundet/Kvanne 05.11.2003

Finn Oldervik

Ingvar Stenberg

## INNHOOLD

<b>1. METODE OG DATAGRUNNLAG.....</b>	<b>4</b>
<b>2. STREKNING RØD - BOLLHAUGEN.....</b>	<b>5</b>
2.1 VERDIVURDERING.....	5
2.2 KONSEKVENSVURDERING AV TRASÉAR.....	14
2.2.1 Alt. 1.0 nedsida (sør og vest for eksisterende 132 kV-ledning) Rød - Skjørliia: .....	14
2.2.2 Alt. 1.0 oversida (nord og øst for eksisterende 132 kV-ledning) Rød – Gammelservatnet/Skjørliia:.....	14
2.2.3 Alt. 1.6/3.5/3.3 .....	15
2.2.4 Alt. 1.6/3.4 .....	15
2.2.5 Alt. 1.6/3.5 .....	16
2.2.6 Alt. 1.7/3.5/3.3 .....	17
2.2.7 Alt. 1.7/3.4 .....	17
2.2.8 Alt. 1.7/3.5 .....	17
2.3 RANGERING AV ALTERNATIVA FRÅ RØD TIL BOLLHAUGEN .....	18
<b>3. VED BRANDHOL/TOVEN .....</b>	<b>19</b>
3.1 VERDIVURDERING AV BERØRTE LOKALITETAR .....	19
3.2 KONSEKVENSVURDERING OG RANGERING AV TRASÉAR VED LINEFØRING NORD FOR GRØNFJELLET (2.0/3.0).....	19
3.3 KONSEKVENSVURDERING OG RANGERING AV TRASÉAR VED LINERFØRING TIL TJELLE (1.0/1.4) .....	20
<b>4. KOMMENTAR TIL NOKRE RAUDLISTEFUNN:.....</b>	<b>21</b>
<b>5. KJELDER .....</b>	<b>22</b>

## 1. METODE OG DATAGRUNNLAG

Opplysningane om flora og fauna er basert på søk i Naturbasen, intervju med lokale informantar og eige feltarbeid (28.08., 01., 05., 12.09. og 14.10.03). Ei viktig kjelde har vore Gaarder & Stenbergs (2002) konsekvensutreiing på tema flora og fauna for 300 (420) kV-leidninga Viklandet-Istad. I tillegg er inkludert nokre lokalitetar frå konsekvensutreiinga for nettilknytning Ormen Lange, trinn 1 (Gaarder & Stenberg 2003). Lokalitetsnumra frå desse rapportane er her sett i parentes (vist med \* for siste rapport). For ein grundigare omtale viser vi til hovudrapportane.

For fugl er det berekna eit influensområde på ca 1 km, av omsyn til kollisjonsfare med linene. At leidningane på den nye lina vil gå i høgare plan enn på eksisterande line, vil auka kollisjonsfaren betydeleg jamvel der linene går parallelt.

Truga artar er klassifisert ifølge den nyaste lista frå Direktoratet for Naturforvaltning (1999):

- V: Sårbare artar med sterk tilbakegang
- R: Sjeldne artar som er i ein utsett situasjon
- DC: Omsynskrevjande
- DM: Bør ovevåkast pga. tilbakegang

## 2. STREKNING RØD - BOLLHAUGEN

### 2.1 Verdivurdering

Følgjande lokalitetar er registrert og verdivurdert på strekninga Rød – Bollhaugen:

Lokalitet 1 (22). Rød: Rodlia (rik edellauvskog)

Vedkjem alt. 1.0

UTM (EUREF 89): MQ 460 607

Verdi: Stor

Undersøkt/kjelder: 14. og 15.05.2002, HFj, GGa og ISt

Lokaliteten ligg nordvest for Rød, på oversida av eksisterande kraftliner. Denne lauvskogslia er frodig, mange stader dominert av hassel og har markert innslag av varmekjære artar (dette tilseier klassifisering som alm-lindeskog). Nedst veks mest hassel, ved bergfoten er det ein del osp, medan furu tek over oppover lia. Området har opplagt vore aktivt nytta i lang tid, både til hogst og beite, men i liten grad dei siste ti-åra. Ved bergfoten vart det funne fleire grove, morkne ospelæger, som vitnar om storvaksen lauvskog i lang tid. Fleire kravfulle, varmekjære plantar vart funne, m.a. lundgrønaks, kusymre, skogstorr, skogsvingel, sanikel og svarterteknapp. Av spesiell interesse var ein god bestand av den raudlista orkideen kvit skogfrue (R) langs bergfoten (MQ4591-4613, 6070-6079). Dette er ein av dei største kjente forekomstane av arten i fylket, og einaste kjente lokaliteten i Nesset kommune. Arten vaks på grunnlendt mark, i noko åpen skog av osp og hassel, med feltsjikt dominert av liljekonvall. Dei rike hasselkratta har godt potensiale for sjeldsynte og raudlista marklevande skogsopp. Dei er og nytta for næringssøk av kvitryggspett, som truleg hekkar lengre vest i lia.

Lokalitet 2 (23). Rød: Rødvika gnr/bnr 15/3 (rik edellauvskog)

UTM (EUREF 89): MQ 4589 6063

Verdi: Middels

Undersøkt/kjelder: 14.05.2002, Gga

Lokaliteten er ein smal teig med hasselskog på nedsida av eksisterande kraftliner. Det er eit lite bekkesig i austre del, medan marka er tørrare i vest. Vegetasjonen er ganske frodig, med dominans av hassel, og med noko svartor langs bekkesiget. Dei tørrare partia har lågurtprega vegetasjon med m.a. mykje myske. Rundt bekken er det fuktigare og her er det masseforekomst av ramslauk. Skogen er middelaldrande og har nok vore ganske åpen tidlegare og sterkt påverka av beite. Forutan dei nemnde edellauvskogsplantane vaks andre kravfulle artar som sanikel, lundgrønaks, vårmarihånd og nattfiol (ubestemt art). Av spesielt stor interesse var forekomst av slakkstorr i øvre del av lokaliteten langs bekken. Dette er ein regionalt sjeldsynt og kravfull edellauvskogsplante. Den er samtidig ein sannsynleg god indikator på vegetasjonstypen rik kilde-edellauvskog, ein skogtype som er rekna for særleg truga (sjå t.d. Fremstad & Moen 2001).

Lokalitet 3 (24). Rod: Rodlia gnr bnr 15 9(rik edellauvskog)

UTM (EUREF 89): MQ 456 605

Høgd over havet: 25-60 m

Verdi: Liten

Undersøkt/kjelder: 14.05.2002, GGa

Dette er ein liten teig med frodig, hasseldominert skog på nedsida av eksisterande kraftline. I austre kant er det eit lite bekkesig med svartor omkring. Dei tørrare partia har lågurtprega vegetasjon med m.a. myske og ramslauk. Skogen er middelaldrande, og har truleg vore ganske åpen tidlegare. Av edellauvskogsplantar vart det forutan hassel og myske funne noko ramslauk, samt innslag av jordnøtt, kusymre, skogsvinerot og einskilde buska hagtorn. Elles kan nemnast funn av lungenever. Lokaliteten viser trekk av vegetasjonstypen rik kildeedellauvskog.

Lokalitet 4 (25). Rod: Trollmyra gnr bnr 15/8 (rik edellauvskog)

UTM (EUREF 89): MQ 449 604

Verdi: Liten

Undersøkt/kjelder: 14.05.2002, GGa

Nedre del av sørvendt skogsli, på nedsida av eksisterande kraftline. Lågurtskog dominerer, med mykje hassel, litt svartor og noko boreale treslag. Skogen er middelaldrande, og er særleg i nedre del er vegetasjonen prega av tidlegare hardt beite med mykje beitetolerante plantar. Av størst interesse var god forekomst av den internasjonalt sjeldsynte og noko kravfulle skorpelaven *Thelotrema suecicum* på hassel. Elles vaks ein del myske og litt skogsvinerot.

Lokalitet 5 (26). Rod: Trollmyra nord (rik edellauvskog)

UTM (EUREF 89): MQ 450 607

Verdi: Stor

Undersøkt/kjelder: 14. og 15.05.2002, GGa, ISt, m.fl

Ei stor, sørvendt skogsli på oversida av eksisterande kraftline (øvre del av lia er mangelfullt undersøkt). Vegetasjonen er variert, med mykje rik lågurtskog og alm-lindeskog. Det er tendens til rik kilde-edellauvskog og lågurtfuruskog. Truleg finst og noko fattigare skogtypar, særleg i dei meir berglendte øvre delar. I vest er det innslag av fattig rasmak. Det veks mykje hassel, noko furu (særleg i øvre del), ein del bjørk, osp og alm, samt litt ask og svartor. I midtre del av Ramslia er det eit parti der alma er dominerande. Lokaliteten omfattar og eit par granplantefelt (sentralt i Ramslia). Det har vore lite inngrep i nyare tid innafor lokaliteten, som er prega av tidlegare hogst og beite. Av kravfulle karplantar kan nemnast skogsvingel, lundgrønaks, vårerteknapp, myske, sanikel, storklokke, vårmarihand, kusymre, ramslauk, kransmynte, svarterteknapp og nattfiol (ubestemt art). Det er ikkje påvist særleg mange interessante kryptogamar, men delar av lokaliteten har opplagt stort potensiale for kravfulle og raudlista sopp knytt til rik lågurtskog. På bergveggar og lauvtre med rikbark veks noko lav frå lungenever-samfunnet, deriblant sparsamt med sølvnever *Lobaria amplissima*. På eit par grove, dels styva almetre i vest vart det funne almelav *Gyalecta ulmi*. I vestre del fanst eldre reirhol av dvergspett (DC), og det vart påvist revirhevdande kvitryggspett (sannsynleg reirhol av siste arten sentralt i lokaliteten).



Lokalitet 6 (27). Rod: Trollmyra vest (rik edellauvskog)

UTM (EUREF 89): MQ 445 604

Verdi: Middels

Undersøkt/kjelder: 14. og 15. 20002, GGa &amp; ISt.

Ei søraustvendt, noko skuggefull skogsli på nedsida av eksisterande kraftline. Stadvis er det ganske velutvikla, fuktig gråor-almeskog, medan austre delen har mykje rik lågurtskog. Viktige treslag er alm (lokalt i vest), gran (planta/forvilla, særleg i vest), hassel, bjørk og nokre furutre, rogn og selje. Eit par almetre var grove (to av dei største var falle ned). Det er noko inngrep i form av hogst, men både skogstruktur og andre kulturspor ber preg av meir omfattande påverknad i eldre tid. På grove almetre vart det funne almelav *Gyalecta ulmi* og bleikdoggnål *Sclerophora nivea*, samt skrukkeøre *Auricularia mesenterica*. Forutan typiske artar knytt til rik lauvskog som myske, skogstjerneblom, firblad og trollbær, vaks noko gullstjerne og eit fåtal av lerkespore i området. Spørteikn tydar på at dette er ein del av næringsområdet for kvitryggspetten som hevda revir i lokalitet 5.

Lokalitet 7 (29). Tjelle: Kvamlielva (gammal lauvskog)

UTM (EUREF 89): MQ 4373 6129

Verdi: Middels

Undersøkt/kjelder: 14.05.2002, HFj

Sørvestvendt ospeli i ein vestvendt bekkedal, på oversida av eksisterande kraftline. Hovudsakeleg blåbærskog dominert av osp, men og noko lågurtskog. Av treslag inngår osp, hassel, rogn og bjørk. Fleire læger av osp inngår. I lia er det planta gran og det er spor av hogst. Feltsjiktet er dominert av blåbær, men med myske på rikare plasser. Blåfiltlav *Degelia plumbea* vart registrert på osp. Dei to raudlista soppane ospekjuke *Ceriporiopsis aneirina* (DC) og ospekvitjuke *Antrodia pulvinascens* (DC) var funne på læger av osp.

Lokalitet 8 (37 og 49). Gusjåsen: Seterlia og Jutullia (viltbiotop/gammal lauvskog)

Vedkjem alt. 1.6, 1.7 og 1.0.

UTM (EUREF 89): MQ 42-43, 62

Verdi: Middels

Undersøkt/Kjelder: Gaarder &amp; Stenberg 2002; FO &amp; ISt (12.09.03).

Relativt stort område med furuskog og gammal lauvskog med innslag av grove, daude tre. Revirhevdande hubro (V) er registrert tidlegare, men er ikkje kjent frå siste tiåret. Eit holt med storvaksen, gammal osp i den sørvendte Jutullia er velegna for hekking av kravfulle hakkespettar, som t.d. kvitryggspett (V). Dessutan er det ein tiurleik i sørhellinga. Den raudlista skorpefiltlaven (*Fuscopannaria ignobilis* DC) førekjem i god bestand, og det er funne ospekjuke (*Ceriporiopsis aneirina* DC), samt fleire kravfulle karplanteartar (MQ 4319 6275). I eit hasselkratt ved bergfoten aust for Skjørsetra (MQ 425 626; ca 200-230 moh) vaks to raudlista vokssoppar: Gyllen vokssopp (*Hygrocybe aurantiosplendens* V) og bitter vokssopp (*Hygrocybe mucronella* DC).

Lokalitet 9 (38). Blåberget/Pikhaugen (Viltbiotop/gammal furuskog)

Vedkjem alt. 1.6

UTM (EUREF89): MQ 424 638 og omegn.

Verdi: Middels

Undersøkt/Kjelder: Gaarder & Stenberg 2002; FO & Ist (01.09.03).

Eit område med middels gammal furuskog. Særskild opp mot toppen var det ein god del gammal gadd og læger. Den omsynskrevjande råtevedsoppen *Phlebia cretacea* (DC) vart registrert på fleire læger i området, medan den meir vanlege *Phlebia segregata* vart funne to stader på ved som var falle av ståande, gamle furugaddar. Den sjeldne skivesoppen pukkelkremle *Russula coerulea* (R) vaks litt lengre ned i åsen. I eit ospeholt nede i lia var det reirhol av hakkespett (grøn-, grå- eller flaggspett), medan det oppe på åsen vart observert storfugl. Kvitryggspett vart og sett på synfaringa. Dessutan gjekk ein tydeleg mykje brukt hjortesti over området.

Lokalitet 10. Vetafjellet 1 (viltbiotop)

UTM (EUREF89): MQ 42 66

Verdi: Middels

Undersøkt: Ist og FO (01.09.03)

Vestvendt fjellside med hamrar, veleigna for klippehekkande rovfugl. Under synfaringa vart det sett ein tårnfalk som kretsa over, og ein vaksen vandrefalk (V) i flukt dit. Fjellet bør ha potensiale for hekking av begge artar. Vandrefalken, som er raudlista, har høvelege jaktområde i det fuglerike våtmarksområdet framom fjellet.

Lokalitet 11. Vetafjellet 2 (gammal furuskog)

UTM (EUREF89): ca MQ 420-425, 650-670

Verdi: Stor

Undersøkt: FO & Ist (01.09.03)

Eit ganske breitt belte med gammal furuskog frå fjellet og ned mot granplantasje lengre nede i lia. Lokaliteten var prega av uvanleg mykje, til dels, grov gadd og mange læger. Undersøkjingar gjort i Aure dei siste par åra (FO) viser at slike område har eit svært høgt potensiale for raudlista og sjeldne vedboande råtesoppar. Området er ikkje oppsøkt, men studert i teleskop frå Gusjåsen.

Lokalitet 12 (40). Gusjåsen: V for Fosterlågen, S for Storelva (intakt høgmyr/viltbiotop)

Vedkjem alt. 3.3 og 3.4.

UTM (EUREF89): MQ 40-41, 66-67

Verdi: Middels

Kjelder: Moen 1984; JBJ (06.06.2001).

Stort myrområde, viktig som typelokalitet og som viltbiotop. Hekkeplass for trane (DM).

Lokalitet 13 (inkluderer 43): Storelva ovafor Gusjås (flaummarksskog/viltbiotop)

Vedkjem alt. 3.3. og 3.4.

UTM (EUREF89): MQ 39, 66-67.

Verdi: Stor

Undersøkt/Kjelder: Gaarder & Stenberg 2002; Ist & FO (01.09.03)

Meandrande elveløp med innslag av rikare treslag som alm, hassel og osp i elvaskråningane. Flaummarksskogen er den mest frodige og velutvikla i regionen, særleg godt utvikla i eit parti med sterkt foregreina elveløp (MQ393661; jfr. Figur 1). Den raudlista skorpefiltlaven *Fuscopannaria ignobilis* vart funne her. Ved eit anna viktig parti langs elva (MQ396669) vart den raudlista råtevedsoppen *Phlebia tristis* (R) påvist (jfr. kap. 4 om nye påviste raudlisteartar). Lokalitet 6 har ein viktig viltfunksjon, og utgjer naturleg trekkrute for våtmarksfugl mellom Fosterlågen og Osvatnet. Raudlisteartane hønsheuk (V) og kvitryggspett (V) er påvist hekkande, og furuskogen omkring synest viktig for storfugl (eit kull på 12 vart sett under synfaringa). Vassdraget er varig verna mot kraftutbygging i verneplan IV.



**Figur 1.** Flaummarksskogen omkring Storelva er spesielt velutvikla i eit parti med foregreina elveløp ovafor Gusjåsen.

Lokalitet 14 (42). Gusjåsen: Osvatnet: utløpet av Storelva (sumpskog, flaumdammar)

Vedkjem alt. 1.0.  
UTM (EUREF 89): MQ 393 647  
Verdi: Stor  
Kjelde: Gaarder & Stenberg 2002.

Ein av dei best utvikla elvesumpane og deltaområda i Møre og Romsdal, med førekomst av fleire regionalt sjeldne karplantar. Viktig andebiotop.

Lokalitet 15. Fossbakken (viltbiotop)

Vedkjem alt 3.4  
UTM (EUREF89): MQ 385 660  
Verdi: Middels  
Kjelde: HH

Mosaikk av furuskog og myr, med spillplass for tiur. Leiken strekkjer seg over eit relativt stort område på vestsida av Storelva, hovudsakleg aust for riksveg 62.

Lokalitet 16. Hatlatjørna (viltbiotop)

Vedkjem alt. 3.4  
UTM (EUREF89): MQ 370 670  
Verdi: Stor  
Kjelde: HH

Velutvikla starrvegetasjon pregar store delar av tjernet. Dette er årvisst hekkeplass for trane (DM) og lom (DC), den siste er ikkje sikkert artsbestemt. Hatlatjørna er tomt for fisk og lomen har faste flygeturar til Osvatnet for å fiske (storlom er regelmessig å sjå der, så mest sannsynleg dreier det seg om denne arten). Traneparet har daglege trekk i same retning, mellom hekkeplassen ved tjørna og beiteområda på jorda/myrområda ved Hatlen. Tjørna er og viktig for anna fugleliv, såsom ender og fiskemåse, som hekkar i koloni. Den solvendte lia på sørsida er vinterbeite for storfugl og orrfugl.

Lokalitet 17. Høystakkliåsen (viltbiotop og rikmyr)

Vedkjem alt. 3.4.  
UTM (EUREF89): MQ33-34, 65-66  
Verdi: Stor  
Undersøkt: HF (våren 2003); Ist (01.09.03).

For det meste blåbærfuruskog som vekslar med myr. God bestand av storfugl, spillplass på nordsida av åsen (5 tiur i 2003). Høystaklia på sørsida er hekkeplass for raudlistearane kvitryggspett (V; 1983, 1994) og dvergspett (DC; 1994). På ei rikmyr vart m.a. jåblom og dvergjanne påvist. I høve kraftlinetraseane er nordsida av åsen

ned mot Høljan og utløpet til Olteråa mest verdfull. Her var det ein fin bestand av osp som etter kvart vil bli høvelege reirtre for hakkespettar med følgjearter.

Lokalitet 18. Høljan (viltbiotop)

Vedkjem alt 3.3 og 3.4.

UTM (EUREF89): MQ 33 66

Verdi: Liten/Middels

Undersøkt: HF (våren 2003); HF & Ist (01.09.03).

Det meandrerande elveløpet ved innosen av Høljan er ein velegna andebiotop, med forekomst av stokkand, krikkand og kvinand. Par av storlom (DC) er registrert i vatnet, men utan indikasjon på hekking.

Lokalitet 19. Åsdraget Kleivvatnet-Liasetra -Langlia (Gammal furuskog, viltbiotop)

Vedkjem alt. 3.3.

UTM (EUREF89): MQ 32-33, 66-67

Verdi: Middels

Undersøkt: HF (Våren 2003); HF, FO & Ist (12.09.03)

Eit åsdrag vekslande med myr og skog som strekkjer seg mot ØNØ frå Kleivvatnet til Langlia. Opprinneleg vegetasjon dominerer, slik at naturen stort sett har eit intakt preg, i alle fall øvre del av åsryggen i vest. Skogen består av gammal furu og bjørk, med innslag av hassel og rogn. Forekomst av læger og gadd gjev potensiale for raudlista vedboande soppar. Lokaliteten har vore hekkeplass for hønehawk (V), og han bør ha potensiale her framleis (to reirplassar er kjent frå siste tiåret i den sørvendte åsryggen aust for Kleivvatnet). Storfuglen har viktig vinterbeite i den gamle furuskogen på åsryggane, og like nedafor søndre kant av lokaliteten er det ein orreleik.

Lokalitet 20. Langlia (Gammal slåtteeeng/beitemark)

Vedkjem alt. 3.5

UTM (EUREF89): MQ 335 675

Verdi: Stor

Undersøkt: 23.08.1994 (GGa), 14.10.03 (FO)

Dette er opprinneleg ein gammal markagard som seinare har vore bruka som seter (OB). Noko av den opprinnelege dyrkajorda er attgrodd, men mykje av setervollen er intakt og er no i god hevd med beiting. Naturengplantar som smalkjempe, svæver i hårsvævegrupa (*Pilosella-gruppa*), lækjeveronika m.m., vitnar om lite/ikkje bruk av kunstgjødsel og god hevd over lang tid. Ved besøk på vollen i 1994 vart den sårbare beitemarksarten fiolett greinkølesopp (*Clavaria zollingeri*; V), funnen her. Ein reknar potensialet for fleire raudlista beitemarkssopp som stort.

Lokalitet 21. Skansen (Gammal furuskog, viltbiotop)

Vedkjem alt. 3.5.

UTM (EUREF89): MQ 345 674

Verdi: Middels

Undersøkt: 14.10.03 (FO, Ist)

Ei furukledd åsside nord for Olteråa (figur 2). Skogen er noko prega av plukkhogst og er middels gammal. Det er ikkje nemnande treslagskifte til gran på denne lokaliteten. På vestkanten av åsen er det nokre fine ospesholt med delvis grove, gamle trær. Nokre av dei eldste er i ferd med å døy. Dette vil etter kvart skapa gode tilhøve for hakkespettar, både for matsøk og reirplassar. Furuskogen er såpass gammal at ein reknar potensialet for å finna raudlista vedboande sopp som ganske stort.



**Figur 2.** Frå innosen av Høljan, like ved trase 3.3, sett nordover mot Skansen og trase 3.5.

Lokalitet 22. Skallia (viltbiotop)

Vedkjem alt. 3.5

UTM (EUREF89): MQ 31 67

Verdi: Stor

Kjelde: SB; HF; FO & Ist (13.10.03)

Lia på nordsida av Skallelva er prega av granplantingar, men det står att ein god del naturleg lauvskog, hovudsakleg bjørk, med innslag av ospeholt. Partiet omkring Trollåa er ein rik spettebiotop, med hekking av flaggspett, dvergspett (DC), kvitryggspett og truleg grønspeitt. I eit ospeholt i myrkanten sør for Skalleelva (MQ 319 669) vart det under synfaringa funne eit gammalt hakkespetthol, truleg reirhol.

Lokalitet 23. Bollhaugen, austafør. (Naturbeitemark)

Vedkjem alt. 3.5.  
UTM (EUREF89): MQ 301 659  
Verdi: Liten (Lokalt viktig)  
Undersøkt: 14.10.03 (FO, Ist)

Lokaliteten består av ei elveslette som tidlegare tydeleg har vore bruka til slåttemark. No er sletta beita av sau og er enda ganske godt inntakt. I aust, sør og vest er lokaliteten avgrensa av Skallelva, som her gjer ein sving nordover før ho igjen tek vegen meir mot sørvest. Mot nord er lokaliteten avgrensa av våtare myr og etter kvart skog. Deler av lokaliteten er prega av sølvbunke, men det er også fine områder med naturengplanter som smalkjempe, finnskjegg, gulaks m.m. Potensialet for raudlista beitemarksopp er truleg middels.

Lokalitet 24. Skallelva. (Viktig bekkedrag)

Vedkjem alt. 3.5  
UTM (EUREF89): ca MQ 30-31, 66  
Verdi: Stor  
Undersøkt: 14.10.03 (FO, Ist) SB; Jordal og Gaarder (1995)

Lokaliteten består av Skallelva, som kjem frå det regulerte Silsetvatnet. Kantvegetasjonen langs elva er for det meste dårleg utvikla, særleg på sørsida, der det veks små bjørk, pors og ørevier. På nordsida er det parti med gråorskog. Somme stadar er grana planta heilt inn til elva. Mellom Bollhaugen og Trollåas utløp forekjem elvamusling her og der (*Margaritifera margaritifera*; V). Reguleringa av Silsetvatnet har gjort at elva i perioder har svært lite vassføring, særleg i øvre del. Dette har truleg medført at elvamuslingen økslar seg dårleg, og slik er vorten svært utsett for utrydding (Steinar Bratset pers. medd.). Det er kjent at arten er sårbar for forureining av slam og grus, særskilt om forureininga vert langvarig.

Lokalitet 25 (1, 2,3 \*) Raudmoldåsen (gammal furuskog, viltbiotop)

UTM (WGS89): MQ 29-31, 65  
Verdi: Middels  
Undersøkt: HF, GGa (23.02., 11.03., 16.03., 14.04. og 23.05. 2003).

Eit småkolla myr- og skoglandskap dominert av furu og granplantefelt, med holtvis innslag av osp. Lokaliteten omfattar tre ferskvatn på ca 100 - 200 da (Nesvatnet, Kleivvatnet og Litlvatnet).

Vegetasjonen er stort sett fattig. Midtseterhaugen og toppen av Raudmoldåsen har parti med grovstamma furuskog med forekomst av den raudlista mosearten roteflak *Calypogeia suecica*. Delar av lokaliteten er tydeleg prega av skogkultivering, med granplantefelt, grøfting og skogsvegar. I nord er lokaliteten avgrensa av tre kraftliner, og det ligg ein del hytter kring Kleivvatnet. Ved Kleivvatnet har hekka trane (1993), storlom (2002) og jordugle (1989). I Nesvatnet er registrert både lom og ender, men utan indikasjon på hekking. Ifølge lokale informantar er det ein tiurleik innafor lokaliteten (på Radumoldåsen eller kollane vestafor). Av hakkespettar vart det i 2003 registrert både flaggspett og grønspekk, den siste i eit ospeholt på nordsida av Nesvatnet (potensiell hekkeplass). Området har ein god elgstamme.

## 2.2 Konsekvensvurdering av traséar

### 2.2.1 Alt. 1.0 nedsida (sør og vest for eksisterende 132 kV-ledning) Rød - Skjørliia:

#### Trasébeskriving

Parallellføring på nedsida (sør- og vestsida) av eksisterande 132kV-line.

#### Konsekvensvurdering

I lia vestafor Rød kryssar lina fire lokalitatar av middels/liten verdi for floraen (lok. 2-4, 6), og trasérydding vil redusera verdien av desse. I eit frodig parti ved bergfoten like aust for Skjørsetra (lok 8) er det viktig å spara all trevegetasjon mellom berget og eksisterande line.

### 2.2.2 Alt. 1.0 oversida (nord og øst for eksisterende 132 kV-ledning) Rød – Gammelservatnet/Skjørliia:

#### Konsekvensvurdering

#### a) Rød-Gammelsetervatnet /1.6

Mellom Rød og Gammelsetra kjem lina i konflikt med to lokalitatar av stor verdi (lok. 1 og 5) og ein av middels verdi (lok. 6). Skadevirkninga skuldast behov for trasérydding i rik edellauvskog med raudlisteartar (sjeldan flora og hekkebitopar for hakkespettar). I høve til lineføring på nedsida vil meir verdfulle lokalitatar bli ramma og konflikten aukar betydeleg.

#### b) Rød-Skjørliia/1.7

I tillegg til skadevirkning på lok. 1-6 kan eit relativt avgrensa, frodig område ved bergfoten aust for Skjørsetra (lok. 1) bli skadelidande. Her vil vegetasjonen kunne bli spart ved lineføring på toppen av berget, noko som vil vera uheldig pga. auka kollisjonsfare for skogsfugl, fordi lina blir meir eksponert.

Kombinasjonen med lineføring på oversida frå Rød vil i betydeleg grad auka dei negative konsekvensane ved val av alt. 1.6 og 1.7.



### 2.2.3 Alt. 1.6/3.5/3.3

#### Trasébeskriving

Alt. 1.6 går frå Gammelsetra mot NNV, og inn på alt. 3.5 vest for Vetafjellet. Fram til Olteråa er traséen identisk med alt. 3.5, som kryssar Storelva ved kommunegrensa mellom Gjemnes og Molde, og går over riksveg 665 ved Sollia. Alt. 3.3 fråvik deretter 3.5 og følgjer Olteråa fram til Høljan, som vert passert på nordsida. Sør for Kleivvatnet kjem traséen inn på traséen på omsøkt alt. 1.0 mot Tornes (Ormen Lange trinn 1). Traséen kryssar Raudmoldåsen og Nesvatnet før han kjem til Bollhaugen.

#### Konsekvensvurdering

Mellom Skjørsetervatnet og Blåberget avskjer trasé 1.6 ein viltlokalitet og ein gammalskogslokalitet (lok.8 og 9), begge av middels verdi. Kollisjonsfaren vil auka for storfugl, og eit holt grovstamma osp vil gå tapt pga. trasérydding. Trasé 3.5 kryssar viktige viltbiotopar, verdfulle våtmarkar og flaummarkskogar ved Storelva, med fleire raudlisteartar både av flora og fauna (lok. 12 og 13). I tråd med retningsliner for verna vassdrag er det avgjerande at dette vassdragsbeltet blir teke vare på, slik det framstår i dag. Skogrydding gjennom flaummarksskogen vil vera særst uheldig, men vi legg til grunn opplysning frå Statnett (v/Kjell Magne Lervik) om at dette skogbeltet vil bli spart. Det er tilrådd å unngå flatehogst i ei 20-30 m brei kantsone av furuskogen utafor lauvskogen (Gaarder & Stenberg 2002). Nærføring/kryssing i høve til to viltområde ved Høljan/Høystakklåsen (lok. 17 og 18) vil bety kollisjonsfare for både storfugl og vanntilknytt fugl. Passeringa frå nordsida av Høljan til alt. 1.0 vil medføre nærføring i høve til orreleik, beiteområde for storfugl og hekkeplass for hønsehauk (lok. 19). Sør for Raudmoldåsen vil alt. 1.0 kryssa ei sannsynleg trekkerte for storlom og trane som hekkar ved Kleivvatnet (lok. 25). Sidan trekkruta ikkje er klårlagt, er dette noko usikre vurderingar. Ved kryssing av Skallelva (lok. 24) må ein unngå endringar i tilhøva i vassdraget som gjer skade på den raudlista elvemuslingen. Inngrep som medfører at elva får tilført slam/grus over lengre tid er svært uheldig i så måte. Det er døme på at vegbygging i nærområda til elvamuslingen har utrydda arten

Sidan alt. 3.5/3.3 passerer gjennom leveområde for kollisjonsutsette fuglar (storfugl, orrfugl, våtmarksfugl og rovfugl), er det vanskeleg å prioritera strekkingar for forebyggjande tiltak. All osp i dette området bør sparast av omsyn til skoghøns og hakkespettar.

### 2.2.4 Alt. 1.6/3.4

#### Trasébeskriving

Vest for Vetafjellet går alt 1.6 inn på alt. 3.4., som deretter går vestover og kryssar Storelva noko lengre sør enn alt. 3.5. Lina passerer riksveg 665 ved Hatlen, går framme i lia over Istad og kryssar Høljan.

### Konsekvensvurdering

For vurdering av alt. 1.6 viser vi til omtale over. Trasé 3.4 kryssar kanten av viktige viltbiotopar, og avskjer flaummarksskogar med fleire raudlisteartar (lok. 12 og 13). Trasérydding gjennom den verdfulle flaummarksskogen vil vera særst uheldig, men vi legg til grunn opplysning frå Statnett om at skogbeltet vil bli spart. Forbi dette sårbare området må ein leggja vekt på å finna beste kryssingspunktet av omsyn til vegetasjonen. Langs elva bør ein bør avstå frå all hogst av oreskog og rik skog med alm og hassel i elvekantane. Truleg vil det vera fordelaktig å justera traséen litt mot nord. Lineføringa ved Fossbakken, Hatlatjørna, Høystakliåsen og Høljan vil ramma viktige viltbiotopar (lok. 15-18) og bety kollisjonsfare for både skoghøns og vanntilknytt fugl, inkludert radlisteartar. Store delar av traséen passerer gjennom leveområde for kollisjonsutsette fuglar, men kryssinga av den viktige fluktruta for lom og trane til/frå Hatlatjørna er truleg mest skadeleg. Dette gjer alt. 3.4 til eit større trugsmål for raudlista fulgeartar enn alt. 3.5. Lina bør merkast der ho kryssar Høljan.

#### **2.2.5 Alt. 1.6/3.5**

### Trasébeskriving

Fra Vetafjellet går alt. 3.5. mot VNV og kryssar Storelva ved kommunegrensa mellom Gjemnes og Molde. Lina kryssar så riksveg 665 ved Sollia, går opp åsen og passerer i lia nedenfor Slåsetra. Videre vestover kryssar traseen Grøndalen og følger Skallelva fram til Bollhaugen. Siste del av strekninga fram til Bollhaugen er traséen identisk med tidligare vurdert alt. 1.3 frå Istad til Tornes (Ormen lange trinn 1).

### Konsekvensvurdering

For vurdering av alt. 1.6 viser vi til omtale over. Første del av strekninga passerer alt. 3.5 viktige viltbiotopar og våtmarkar og kryssar flaummarksskog, med fleire raudlisteartar både av flora og fauna (lok. 12 og 13). I tråd med ovanstående legg vi til grunn at den verdfulle flaummarksskogen ved Storelva vert spart for hogst. Alt. 3.5 betyr mindre konflikt med viltbiotopar enn alt. 3.3, fordi lina går gjennom relativt viltfattige område (går klar av lok. 17-19). Mest uheldig er kryssinga av to ospeholt (lok. 21 og 22). For skoghøns og hakkespettar kan dette vera nøkkelbiotopar, som difor bør sparast for hogst. Også furuskogen i lia opp mot Skansen bør sparast mest mogleg. Ved å leggja lina litt lenger ned i lia i dette området, vil ein truleg gå klar både ospeholtet og den mest verdfulle furuskogen. Passeringa av Langlia (lok. 20) betyr neppe konflikt med naturmiljøet, men det er viktig at den verdfulle seterstølen ikkje vert nytta til riggplass o.l. Ved kryssing av Skallelva (lok. 24) må ein unngå endringar i tilhøva i vassdraget som gjer skade på den raudlista elvemuslingen. Inngrep som medfører at elva får tilført slam/grus over lengre tid er svært uheldig. Ved passering av ei naturbeitemark ved Bollhaugen (lok. 23) er det viktig at ein tek omsyn ved masteplasseringa.

**2.2.6 Alt. 1.7/3.5/3.3**Trasébeskriving:

Lina følgjer alt. 1.0 forbi Skjørsetra, men fråvik parallellføring og vinklar mot nord ved riksveg 62, og går inn på trasé 3.5 vest for Vetafjellet.

Konsekvensvurdering

Alt. 1.7 vil såvidt berøra ein vedfull lokalitet (8) for floraen, men skadevirkninga blir klårt mindre enn ved alt. 1.6. For vurdering av alt. 3.5/3.3 viser vi til omtale over.

**2.2.7 Alt. 1.7/3.4**Trasébeskriving

Jfr. omtale av dei einskilde traséane over.

Konsekvensvurdering

Skadevirkninga vert større enn for alt. 1.7/3.5/3.3, pga. kryssing av viktige fluktruter for våtmarksfugl, inkl. raudlisteartar (lok. 16, 18).

**2.2.8 Alt. 1.7/3.5**Trasébeskriving

Jfr. omtale av dei einskilde traséane over.

Konsekvensvurdering

Skadevirkninga vert mindre enn for både 1.7/3.4 og alt. 1.7/3.5/3.3 fordi lina går meir perifert i høve til viktige viltbiotopar.

Kombinasjonen 1.0/1.6 og 1.0/1.7 er etter Statnetts vurdering berre aktuell for lineføring på oversida av eksisterande 132kV-line heile strekninga frå Rød (alt. 1.0). Dette vil gjera desse trasevala klårt meir ugunstig enn lineføring på nedsida (jfr. kap. 2.2.2).

### 2.3 Rangering av alternativa frå Rød til Bollhaugen

Ut frå dette vil vi rangera dei omtala alternativa slik:

1. Alt. 1.0
2. Alt. 1.7/3.5
3. Alt. 1.7/3.5/3.3
4. Alt. 1.7/3.4
5. Alt. 1.6/3.5
6. Alt. 1.6/3.5/3.3
7. Alt. 1.6/3.4

Rangeringa av alt. 1.0 (parallellføring) som minst skadeleg skuldast at dette er einaste vurderte løysing som går på nedsida av eksisterande line frå Rød. Det mest negative ved dette trasévalet er avskjering av deltaområdet ved utløpet av den varig verna Storelva (lok. 14), med fare for tap av verdfull flaummarksskog og auka kollisjonsrisiko for ender. Kollisjonsfaren kan avbøtast ved jordkabling, t.d. av eksisterande 22kV-line. Dette vil vera eit viktig positivt tiltak.

På strekninga Brandhol-Bollhaugen vil kombinasjonen alt. 1.4/1.7/3.5 vera minst skadeleg for flora og fauna (dette i tråd med tidlegare vurdering av Gaarder & Stenberg 2002).

### 3. VED BRANDHOL/TOVEN

#### 3.1 Verdivurdering av berørte lokalitetar

*Lokalitet 26. Høglia (viltbiotop)*

UTM (EUREF89): MQ560645

Verdi: Liten/Middels

Kjelde: WT

Spillplass og beiteområde for storfugl. Beiteområde for elg.

*Lokalitet 27 (19). Bersåsmyrane (rikmyr, høgmyr)*

UTM (EUREF 89): MQ 54-55,64-65

Verdi: Middels

Undersøkt/Kjelde: 06.09.03, FO; Gaarder & Stenberg 2002.

Fattige myrsamfunn dominerer, men det er innslag av rikmyr med breiull, engmarihand, særbustorr, stormakkmose og raudmakkmose. På bakkemyrene opp mot Grønfjellet er det fleire dråg med intermediær til rik minerotrof myr.

#### 3.2 Konsekvensvurdering og rangering av traséar ved lineføring nord for Grønfjellet (2.0/3.0)

Det må gjerast ei avveging av konflikta i høve til nærføring til ein storfuglbiotop på Høglia (lok. 26) og kryssing av eit rikmyrparti (lok. 27). Alt. 2.3 betyr størst konflikt med naturverdien for begge lokalitetane, ikkje minst biotopen for storfugl.

Rangeringa blir difor slik:

1. Alt. 2.3.1 Tovhaugen - Grønfjellet
2. Alt. 2.3 Tovhaugen - Grønfjellet

### **3.3 Konsekvensvurdering og rangering av traséar ved linerføring til Tjelle (1.0/1.4)**

Konfliktane med flora og fauna er begrensa, og avveginga er i første rekkje basert på avstand til eit leik- og beiteområde for storfugl (lok. 26). Floraen i området er svært forstyrra av ulike jord- og skogbruksaktivitetar, og ein fann ikkje særskilde verdier i nokon av traseane.

Ut frå dette vil vi rangera alternativa slik:

1. Alt. 1.2.2 Brandhol - Holen
2. Alt. 1.2.1 Brandhol - Holen
3. Alt. 1.2.3 Brandhol - Holen

#### 4. KOMMENTAR TIL NOKRE RAUDLISTEFUNN:

*Phlebia cretacea* (DC). I Møre og Romsdal er arten tidlegare berre påvist i Aure, men ein må venta å finna arten dei fleste stader i fylket der det finst gammel furuskog.

*Phlebia tristis* (R). Arten er nyleg påvist i Møre og Romsdal (Skålvassdalen i Aure), og har totalt ca 12-14 funn i landet. Den er knytta til gammel furuskog i fuktige miljø.

*Russula coerulea* (R). Pukkelkremla er knytt til ganske rike furuskogsmiljø og er her i fylket først og fremst funnen på Sunnmøre. Dette er det første funnet i Romsdal.

*Clavaria zollingeri* (V). Fiolett greinkøllesopp er ein svært vakker og sjeldan art som ein finn i gammal slåttemark/naturbeitemark. Arten er i sterk tilbakegang grunna gjengroing og/eller tilplanting av leveområda.

## 5. KJELDER

### Muntlege kjelder:

Oddvar Bratset (OB)  
Steinar Bratset (SB)  
Harald Folden (HF)  
Harald Hatlen (HH)  
John Bjarne Jordal (JB)  
Finn Oldervik (FO)  
Ingvar Stenberg (IS)  
Willy Toven (WT)

### Skriftlege kjelder:

Direktoratet for Naturforvaltning, 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3.

Eriksson, J., Hjortstam, K., Larsson, K-H. og Ryvarden, L. 1973-1987. The Corticiaceae of North Europe. Vol I-VIII.

Gaarder, G. & Stenberg, I. 2002. 300 (420) kV-leidning Viklandet-Istad. Konsekvensutreiing på tema flora og fauna. Norsk Ornitologisk Forening, Rapport nr. 2-2002.

Gaarder, G. & Stenberg, I. 2003. Nettilknytning til Ormen Lange, Trinn 1. Konsekvensutreiing på tema flora og fauna. Norsk Ornitologisk Forening, Rapport nr. 3-2003.

Moen, A. 1984. Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrreservatplanen. Det kgl. Norske vidensk. Selsk. Mus. Rap. Bot. Ser. 1984-5.


Oldervik, F. Signalarter og raudlista råtevedsopper knytta til gammel og verdifull furuskog i Møre og Romsdal (in prep.)

Ryvarden, L., Stokland, J., og Larsson, K-H. 2003. A critical checklist of corticoid and poroid fungi of Norway.



## VEDLEGG 1





**420 kV-ledning Viklandet - Istad**  
**Tilleggsknåd nye traséer Rød - Istad**

- Istad transformatorstasjon
- Nye vurderte traséalternativer
- Tidligere vurderte traséalternativ
- Onsmøkt ledningstrasé Ormen Lange
- Vurderte ledningstraséer Ormen Lange
- Eksisterende ledning
- Kaugrunnlag Sibstene Kartverk, brukstett. LE3-2443, Oktober 2003







**Finn Oldervik**

6693 Mjosundet

**Ingvar Stenberg**

6640 Kvanne

**Norsk Ornitologisk Forening, Trondheim**

E-post: [NOF@birdlife.no](mailto:NOF@birdlife.no)

Trykt i november 2003

ISSN 0805-4932

ISBN 82-7852-057-7

